

KOMMISJONSDIREKTIV 98/38/EF**av 3. juni 1998****om tilpassing til den tekniske utviklinga av rådsdirektiv 74/151/EØF om visse delar av og eigenskapar ved jordbruks- og skogbrukstraktorar med hjul(*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 74/150/EØF av 4. mars 1974 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om typegodkjenning av jordbruks- og skogbrukstraktorar med hjul⁽¹⁾, sist endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 97/54/EF⁽²⁾, særleg artikkel 13,

med tilvising til rådsdirektiv 74/151/EØF av 4. mars 1974 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om visse delar av og eigenskapar ved jordbruks- og skogbrukstraktorar med hjul⁽³⁾, sist endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 97/54/EF, særleg artikkel 4, og

ut frå desse synsmåtarne:

På bakgrunn av røynsler og utviklinga innanfor teknikken bør krava til dei delane og eigenskapane som er nemnde i artikkel 2 i direktiv 74/151/EØF, tilpassast den tekniske utviklinga.

Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet for tilpassing til den tekniske utviklinga som er oppnemnt i medhald av direktiv 74/150/EØF —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Vedlegg I-VI til direktiv 74/151/EØF vert endra i samsvar med vedlegget til dette direktivet.

Artikkel 2

1. Frå 1. mai 1999 kan medlemsstatane ikkje

— nekte, med omsyn til ein traktortype, å gje EF-typegodkjenning, å utferde det dokumentet som er nemnt i artikkel 10 nr. 1 siste strekpunktet i direktiv 74/150/EØF, eller å gje nasjonal typegodkjenning eller

— forby ibruktaking av traktorar

dersom traktorane stettar krava i direktiv 74/151/EØF, slik det er endra ved dette direktivet.

2. Frå 1. oktober 1999 kan medlemsstatane

— ikkje lenger utferde det dokumentet som er nemnt i artikkel 10 nr. 1 siste strekpunktet i direktiv 74/150/EØF, for ein traktortype som ikkje stettar krava i direktiv 74/151/EØF, slik det er endra ved dette direktivet,

— nekte å gje nasjonal typegodkjenning til ein traktortype som ikkje stettar krava i direktiv 74/151/EØF, slik det er endra ved dette direktivet.

Artikkel 3

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovane og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 1. mai 1999. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 4

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 170 av 16.6.1998, s. 13, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 46/1999 av 30. april 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

⁽¹⁾ TEF L 84 av 28.3.1974, s. 10.

⁽²⁾ TEF L 277 av 10.10.1997, s. 24.

⁽³⁾ TEF L 84 av 28.3.1974, s. 25.

Artikkel 5

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 3. juni 1998.

For Kommisjonen

Martin BANGEMANN

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

I vedlegg I-VI til direktiv 74/151/EØF vert det gjort følgjande endringar:

a) I vedlegg I vert «vekt» bytt ut med «masse».

b) I vedlegg II

— nr. 1 skal dei to strekpunkta lyde:

«— lengde: 255 eller 520 mm,

— bredde: 165 eller 120 mm.

I valget må det tas hensyn til de gjeldende mål i bestemmelsesmedlemsstatene.»

— skal nr. 2.1 lyde:

«2.1. Kjennmerkets plassering i forhold til kjøretøyets bredde

Kjennmerkets midtpunkt skal ikke være plassert lenger til høyre enn traktorens symmetriplan.

Kjennmerkets venstre kant skal ikke være plassert lenger til venstre enn det vertikallplan som er parallelt med traktorens symmetriplan og berører kjøretøyets ytterste kant i lengderetningen.»

— skal teksta i nr. 2.4 lyde:

«Avstanden mellom bakken og kjennmerkets nedre kant skal ikke være mindre enn 0,3 meter; avstanden mellom bakken og kjennmerkets øvre kant skal ikke være større enn 4,0 meter.»

c) I vedlegg III nr. 2 vert følgjande lagt til:

«Drivstoffledninger og påfyllingsrør skal være montert utenfor førerhuset.»

d) Vedlegg IV skal lyde:

«VEDLEGG IV

BALLAST

Dersom traktoren må utstyres med ballast for å etterkomme de øvrige krav til EF-typegodkjenning, skal ballasten være levert av traktorens produsent, konstruert for å monteres på traktoren og påført produsentens firmamerke og ballastens masse i kg med en nøyaktighet på $\pm 5\%$. Ballast foran som er utformet for hyppig av- og påmontering, skal ha en sikkerhetsklaring på minst 25 mm ved håndtakene. Ballasten skal være slik plassert at den ikke utilsiktet kan løsne (f.eks. dersom traktoren velter).»

e) I vedlegg V skal nr. 2.1.4 lyde:

«2.1.4. Den maksimale verdi for lydtryknivå skal være minst 93 dB(A) og høyst 112 dB(A).»

f) I vedlegg VI nr. II.1 vert følgjande lagt til:

«Eksosrørets utløp skal være plassert på en slik måte at eksos ikke kan trenge inn i førerhuset.»